



29.01.2008

Det kgl. Kommunal- og Regionaldepartement

Kommunalavdelingen
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Arkivsak: 07/2285
Løpenr.: 08/1207
Sakshandsamar:
Jan Kåre Norberg

Melding om politisk vedtak - Inntektssystemet for kommunar - 2008


Vi viser til brev av 26.10.2007.

Det vert med dette gjeve melding om at Formannskapet har gjort slikt vedtak i møte den 23.01.2008, sak 8/08:

Luster kommune sluttar seg til hovudlinene i innstillinga frå Sørheimutvalet med slike merknader:

1. Utjamninga av skatteinntektene må gjerast symmerisk både når det gjeld kompensasjon og trekk. Med utgangspunkt i Sørheimutvalet sine satsar for kompensasjon og trekk bør kommunar som har skatteinntekter over 110% pr innbyggjar få eit tilleggstrekk på 35%, ev 30%. Dette vil både gje ei jamnare inntektsfordeling og eit enklare inntektssystem.
2. Selskapsskatten bør bestå som kommunal skatt, då denne – til ein viss grad – gjev incentiv til å drive næringsutvikling.
3. Forslaget om innføring av nytt distriktpolitisk tilskot synest særleg positivt. Dette vil verke utjamnande og ha ei god forankring i den generelle distriktpolitikken.

Med helsing


Jan Kåre Norberg
økonomisjef